

# Årsmelding 2010



Opninga av det fem-årige integrerte masterprogrammet i musikkterapi vart høgtidleg markert med ein konsert i Grieghallens foaje hausten 2010.

---

## Innhold

|  |    |
|--|----|
| Del 1: Innleiing og oversikt.....  | 2  |
| Bakgrunn, mål og strategi .....  | 2  |
| Tilbakeblikk og oppsummering, 2010 .....   | 2  |
| Del 2: Rammer og vilkår.....   | 4  |
| Organisasjon og økonomi.....   | 4  |
| Samarbeidsrelasjonar innan UiB og Uni Research .....   | 4  |
| Andre samarbeidsrelasjonar.....  | 5  |
| Del 3: Fagleg aktivitet 2010.....  | 6  |
| Forskningsprosjekt i regi av GAMUT .....   | 6  |
| Forskningsprosjekt i samarbeid med andre fagmiljø .....  | 7  |
| Tidsskriftsdrift .....   | 8  |
| Publisering og andre formidlingsoppgåver.....  | 9  |
| Del 4: Prioriterte satsingar og vidare utvikling.....  | 10 |
| Rammer for utvikling.....  | 10 |
| Tematiske satsingsområde .....   | 10 |
| Aktuelle utviklingsområde.....   | 11 |
| Faglege og personellmessige utfordringar.....  | 11 |
| Del 5: Vedlegg.....  | 12 |
| Vedlegg 1 - Rekneskap GAMUT 2010 .....   | 12 |
| Vedlegg 2 – Personale i 2010 .....   | 13 |
| Vedlegg 3 – Nokre nyhende 2010, frå vevsida <a href="http://www.gamut.no">www.gamut.no</a> ..... | 14 |
| Vedlegg 4 – Liste over publikasjonar og faglege presentasjonar 2010.....                         | 16 |

### Bakgrunn, mål og strategi

GAMUT – Griegakademiets senter for musikkterapiforskning vart etablert hausten 2006, i samband med at musikkterapi vart etablert som fag ved Universitetet i Bergen. UiB og Uni helse samarbeider om å utvikle GAMUT. Gjeldande mål og strategi vart formulerte i januar 2008 (sjå “Om oss” på senteret si heimeside). Det er i 2010 ikkje gjort vesentlege endringar i høve til mål og strategi, så vi skal her berre oppsummere nokre hovudtrekk:

#### Mål

- Å utvikle eit norsk musikkterapeutisk forskingssenter på høgste internasjonale nivå
- Å sikre adekvat kunnskapsutvikling innan universitetsfaget musikkterapi
- Å utvikle samfunnsrelevant kunnskap om samanhengar mellom musikk, helse og utvikling, for bruk i m.a. helsevesenet, sosialtenesta, skulesektoren og kultursektoren.

#### Arbeidsområde

GAMUT forskar på forholdet mellom musikk og helse, i kliniske og kvardagslege samanhengar. Forskingsresultat vert i hovudsak publiserte i fagfelleverderte internasjonale tidsskrift og i monografar/bøker. Konkrete formidlingsaktivitetar utover dette omfattar kronikkar og andre former for popularisert formidling, filmformidling, rettleiing for aktuelle fagpersonar og miljø og dessutan populariserte forskingsbaserte kurs og foredrag.

GAMUT er vidare ein sentral aktør innan publisering av internasjonale musikkterapitidsskrift, som utgjevar av det verdsomspennande tidsskriftet og forumet *Voices: A World Forum for Music Therapy* (Open Access) og det internasjonale vitenskaplege tidsskriftet *Nordic Journal of Music Therapy* (i samarbeid med Routledge).

#### Strategi

Sentrale strategiar for utvikling av GAMUT er:

- Utvikling av eit tett samarbeid mellom musikkterapiforskarane ved UiB og Uni helse
- Inkludering av og samarbeid med masterstudentar og doktorgradskandidatar
- Tverrfagleg samarbeid med aktuelle forskingsmiljø ved UiB og Uni helse
- Tverrfagleg samarbeid med regionale og nasjonale institusjonar
- Samarbeid i internasjonale forskingsnettverk

### Tilbakeblikk og oppsummering, 2010

Med tanke på bygging av dei strukturar og føresetnader som skal til for å byggje eit sterkt forskingssenter, vil 2010 verte ståande som eit heilt spesielt positivt år, ved at UiB etablerte eit femårig integrert masterprogram i musikkterapi og at UiB i samarbeid med Musikknett Vest etablerte Grieg Research School in Interdisciplinary Music Studies.

Det femårige integrert masterprogrammet i musikkterapi vart opna i august 2010. Dette studieprogrammet vil styrkje musikkterapi som profesjonsutdanning og forskingsdisiplin monaleg og slik også sikre rekruttering av gode masterstudentar og PhD-kandidatar til GAMUT. Der også verte etablert ei Forskingslinje ved det nye musikkterapistudiet, noko som vil styrke denne tendensen ytterlegare.

Grieg Research School in Interdisciplinary Music Studies vart opna i desember 2010 og er etablert gjennom eit samarbeid i Musikknett Vest. Gjennom UH-nett vest har forskarskulen fått SAK-midlar til oppstart. Eit styre er etablert, der dei samarbeidande institusjonar er representert: Høgskulen i Volda, Høgskolen i Bergen, Høgskulen Stord/Haugesund og Universitetet i Bergen. Forskarskulen vil sikre god forskingsutdanning i musikkterapi og vil sikre at kandidatar utviklar god tverrfagleg forståing.

Nedanfor vil vi kort skissere nokre av dei meir kontinuerlege arbeidsprosessane for utvikling av senteret i 2010. For meir detaljert informasjon, viser vi til Del 3 og ulike vedlegg.

#### Samfunnskontakt, praksisrelevans og samarbeidsrelasjonar

Viktigaste reiskapen for samfunnskontakt og samfunnsdeltaking er publisering, tidsskriftsdrift og ulike former for formidling. Publiseringsaktiviteten i 2010 har ein særleg profil med høg aktivitet på internasjonal bokpublisering (sjå merknad i innleiinga til vedlegg 4).

Som tidlegare år har GAMUT vore aktive i høve til generering av musikkterapeutisk praksis i Bergen. Dette ser vi som avgjerande for utvikling både av musikkterapistudiet ved UiB og av GAMUT som forskingssenter. Ein kommunikasjonsstrategi har vore under arbeid i 2010, med særleg vekt på behova innan eldreomsorg og psykisk helsevern.

GAMUT og musikkterapimiljøet har i 2010 elles vore sterkt involverte i utvikling av ein søknad til Helsedirektorat om autorisasjon av musikkterapeutar i tråd med Helsepersonellova. Vidare har GAMUT delteke i eit pilotprosjekt ved VilVite som grunnlag for eit mogeleg større prosjekt der i 2011, for formidling av musikkterapi.

## NFR-finansierte prosjekt

Prosjektet “Resource-oriented music therapy for psychiatric patients with low therapy motivation: Randomised controlled trial,” finansiert av NFR sitt program for psykisk helse, vert avslutta i første halvdel av 2011. I 2009 og 2010 fekk Elefant NFR-midlar over Småforsk-programmet til prosjektet “Effects of Music Therapy on Functional Communication and Mood of People Diagnosed with (stage 2-3) Parkinson’s Disease: A Pilot Study”. Prosjektet er utvikla i samarbeid med nevrolog Skeie ved Haukeland universitetssykehus.

## Andre prosjekt

Ei viktig ny løyving i 2010 kom frå GC Rieber Fondene som støtte til internasjonalisering av aktiviteten ved GAMUT. Løyvinga var på over ein million kroner og vert særleg brukt til styrkinga av forskinga innan psykisk helse, kriminalomsorg og eldreomsorg. Elles er samarbeidet med University of Jyväskylä er vidareført og likeeins Golds pilotprosjekt innan kriminalomsorg, det siste med finansiering av Sosial- og helsedirektoratet, GC Rieber Fondene og Kriminalomsorgen Vest. Andre større eksternt finansierte

prosjekt, som “Nettverket musikk og eldre: Samarbeid om forskning og kunnskapsutvikling om musikk, musikkterapi og eldre” med finansiering frå GC Rieber Fondene, er også vidareført. Dessutan er nye PhD-prosjekt og postdoktorprosjekt komne til, sjå del 3.

Innanfor UiB-delen av forskingsressursen er der fleire pågåande prosjekt, m.a. Rolvsjords kvalitative utforsking av ressursorientert musikkterapi i psykisk helsearbeid og Stiges arbeid med eit teoretisk grunnlag for samfunnsmusikkterapien.

## Tidsskriftsdrift

For *Nordic Journal of Music Therapy* har samarbeidet med Routledge funne si form og tidsskriftet er inne i ei jamn, positiv utvikling. Routledge har gjort vedtak om å auke publikasjonsfrekvensen frå 2 til 3 nummer per år i 2011.

*Voices: A World Forum for Music Therapy* har gjennomført ein del vesentlege endringar i 2010. Grafisk profil vart lagt heilt om og overgangen til Open Journal System (OJS) vart fullført. Dette vil gje tidsskriftet ein meir effektiv produksjon og ei meir profesjonell ramme for handtering av innkomne tekstar. *Voices* har i 2010 også arbeidd med utvikling av fagleg profil, sjå Del 3.

## DEL 2: RAMMER OG VILKÅR

### Organisasjon og økonomi

GAMUT har forankring både som forskingsgruppe ved Griegakademiet, UiB, og som ei eining under Uni helse, Uni Research. Samspelet mellom UiB og Uni er ein føresetnad og vesentleg styrke for forskingssenteret.

Etableringa av det nye musikkterapistudiet, med nyttilsetjingar kombinert med vakanse og forskingsfri, har skapt eit hardt tidspress for dei UiB-tilsette i 2010. Vi har likevel greidd å halde oppe og vidareutvikle aktuelle prosjekt. Det er i åra framover behov for å styrkje rammene for forskingsaktiviteten, både i Uni-delen og ikkje minst i UiB-delen. Det er både behov for fleire seniorstillingar og fleire stipendiat- og postdoktorstillingar. Som eitt initiativ i denne retning, tar miljøet sikte på å utvikle ein SFF-søknad i 2011.

Som i 2009 har det i 2010 vore ekstern finansiering av i overkant av 4 årsverk ved GAMUT; ei stilling som forskar I, ei stilling som postdoktor, ei stilling som forskingsassistent, ei deltidstilling som forskar III og ei deltidstilling som førstekonsulent. I tillegg kjem tre eksternt finansierte doktorgradskandidatar. Medrekna det musikkterapeutiske fagmiljøet ved UiB, har 13 fagpersonar og to førstekonsulentar på ulike vis vore knytt til GAMUT-prosjekt i 2010 (sjå Vedlegg 2).

### Finansiering og økonomi 2010

Aktiviteten i GAMUT er i balanse økonomisk, sjå Vedlegg 1. Omsetjinga har gått opp frå ca. 4 millionar i 2009 til 4,4 millionar i 2010. Følgjande kjelder har stått for ekstern prosjektfinansiering i 2010 (alfabetisk rekkefølge):

- Aleris Ungplan Region Vest
- Ekstramidler Helse- og rehabilitering
- GC Rieber Fondene
- Griegakademiet – Institutt for musikk
- Grieg Foundation
- Helse Vest
- Kriminalomsorgen Vest
- Nordisk publiseringsnemd for humanistiske og vitenskapelige tidsskrifter (NOP-HS)
- Norges forskningsråd
- Routledge (Taylor & Francis)
- Sosial- og helsedirektoratet
- UH-nett Vest
- University of Jyväskylä

### Samarbeidsrelasjonar innan UiB og Uni

#### Research

Samarbeidet mellom musikkterapifaget ved Griegakademiet, UiB og forskingssenteret ved Uni helse, Uni Research er heilt sentralt. Det er vanskeleg å tenkje seg det eine miljøet utan det andre. I tillegg til dette faginterne samarbeidet, legg fagmiljøet vekt på å utvikle tverrfaglege samarbeidsrelasjonar. Nedanfor vil vi kort skissere arbeidet med dette i 2010. Samla sett har GAMUT eit svært gode nettverk. Ein er komen inn i ein god sirkel der eksisterande relasjonar genererer nye.

#### Humanistiske fag

Etnomusikologi og musikkvitenskap er nærskyldte fag som det er naturleg å ha kontakt med. Kontakten låg i 2010 på eit lågt nivå, då studiet i musikkvitenskap for tida "ligg på is." Det er likevel ein regelmessig kontakt og musikkterapimiljøet er innstilte på å vere ein partner i oppbygginga av musikkvitenskapen ved instituttet. Postdoktor Jill Halstead vil ha ei viktig rolle i dette.

#### Medisinske fag

Gjennom Uni helse er det etablert fruktbar kontakt og samarbeid med Allmennt medisinsk forskningsenhet. Gjennom Haukeland universitetssykehus har det utvikla seg eit samarbeid i høve til nevrologi og nevrorehabilitering, med prosjektsamarbeid med overlege Geir Olve Skeie.

#### ORGANISASJON 2010

Forskningsleiar  
Brynjulf Stige

Prosjektleiarar  
Christian Gold og Brynjulf Stige

Redaktør *NJMT*  
Christian Gold

Redaktørar *Voices*  
Brynjulf Stige og Carolyn Kenny (USA)

Førstekonsulent *NJMT/Voices*  
Rune Rolvsjord

Førstekonsulent GAMUT  
Liv Gunnhild Qvale



## Psykologiske fag

Samarbeidet med ulike psykologiske fagmiljø er m.a. i høve til kriminalomsorg (Anita Hansen) og samfunnspsykologi (Leif Edvard Aarø). Det er dessutan etablert eit fruktbart samarbeid med fagmiljøet i klinisk psykologi ved UiB (særleg Per-Einar Binder og Helge Holgersen). Vidare er det etablert ein god samarbeidsdialog med Regionsenter for barn og unges psykiske helse (RBUP) Vest.

## Andre samarbeidsrelasjonar

Fagmiljøet i musikkterapi har ein tradisjon på å arbeide i faglege nettverk, lokalt/regionalt, nasjonalt og internasjonalt. Dette har ein arbeidd med å utvikle vidare også i 2010:

### Lokale/regionale nettverk

Formalisert samarbeid er inngått med følgjande instansar:

- Aleris Ungplan Region Vest (gjennom doktorgradsprosjektet til Viggo Krüger)
- Bergen Røde Kors Sykehjem (gjennom doktorgradsprosjektet til Audun Myskja)
- Haukeland universitetssykehus/ParkVest
- Høgskulen i Bergen/Senter for omsorgsforskning Vest
- Høgskulen i Sogn og Fjordane/Senter for helseforskning
- Jæren distriktpsikiatriske senter.
- Kriminalomsorgen Vest
- Kulturskulen i Fjell
- Lovisenberg Diakonale Sykehus (gjennom doktorgradsprosjektet til Hans Petter Solli)
- Nordfjord psykiatrisenter
- Olaviken alderspsykiatriske sykehus
- Pedagogisk fagsenter, Fana
- Sogn og Fjordane fylkessenter for musikkterapi
- Sola distriktpsikiatriske senter
- Stavanger universitetssykehus
- Undervisningssjukeheimen i Sogn og Fjordane/Førde helsetun

Musikkterapifaget er dessutan aktivt med i Musikknett Vest, m.a. gjennom Grieg Research School in Interdisciplinary Music Studies.

### Internasjonale nettverk

Sidan 2008 er UiB og GAMUT medlem av "International Consortium of Music Therapy Research", med ni samarbeidande universitet. I 2010 vart miljøet med i "Nordic Network of Research in Music, Culture and Health (MUCH)". Samla sett gjev dette samarbeidsrelasjonar til følgjande universitet:

- Anglia Ruskin University, Cambridge, England
- Göteborg Universitet
- Katholieke Universiteit, Leuven, Belgia
- Norges musikkhøgskole
- Temple University, Philadelphia, USA
- University of Jyväskylä, Finland
- University of Melbourne, Australia
- University of Queensland, Australia
- Aalborg Universitet

Gjennom konkrete prosjekt, har GAMUT også samarbeidsrelasjonar med følgjande internasjonale miljø:

- National Music Therapy Research Unit, Melbourne, Australia
- Sunshine Hospital, Melbourne, Australia
- Wagner-Jauregg Landesnervenklinik, Linz, Austerrike
- Beth Israel Medical Center, New York (gjennom kontakt med Thanks to Scandinavia)

Nettverk knytt til tidsskriftsdrifta:

Tidsskriftet *Voices: A World Forum for Music Therapy* har eit formalisert samarbeid med Antioch University i USA og dessutan tett samarbeid med 20 redaksjonsmedlemmer fordelt på 18 ulike land og institusjonar, der alle kontinent er representerte med minst 2 redaksjonsmedlemmer. Tilsvarende har *Nordic Journal of Music Therapy* tett samarbeid med redaksjonsmedlemmer, redaksjonskontaktar og språkkonsulentar frå 13 ulike universitet og institusjonar i Europa, USA, Asia og Australia.

## DEL 3: FAGLEG AKTIVITET 2010

### Forskningsprosjekt i regi av GAMUT

Hovudaktiviteten i GAMUT er knytt til forskning. Vi gjev her oversyn over GAMUT-prosjekt i 2010. Informasjon vert oppdatert kontinuerleg på nettsidene [www.gamut.no](http://www.gamut.no)

#### Effektar av musikkterapi for fengselsinnsette: fase 2 (MT-PRIS2)

Tidsperiode: januar 2010-desember 2012  
Finansiering: Sosial- og helsedirektoratet, GC Rieber Fondene, Kriminalomsorgen  
Involverte forskarar: Christian Gold, Anita Hansen, Liv Gunnhild Qvale.  
Prosjektleiari: Christian Gold

#### Effekten av individuell musikkterapi på livskvalitet, agitert åtferd og medisinerings hos personar med demens: pilotstudie

Tidsperiode: August 2010-juli 2012  
Finansiering: GC Rieber Fondene, Universitetet i Bergen, Aalborg Universitet  
Involverte forskarar: Liv Gunnhild Qvale, Hanne Mette Ridder og Brynjulf Stige.  
Prosjektleiari: Hanne Mette Ridder og Brynjulf Stige

#### En systematisk evaluering av metoden Integrert musikk ved sykehjem (PhD-prosjekt)

Oppstart: August 2006 (kandidat på deltid, prosjektet vert fullført i 2011)  
Finansiering: CG Rieber Fondene  
Kandidat: Audun Myskja  
Medrettleiar: Torgeir Brun Wyller (UiO)  
Hovudrettleiar: Brynjulf Stige

#### Effects of Music Therapy on Functional Communication and Mood of People Diagnosed with (stage 2-3) Parkinson's Disease: A Pilot Study

Tidsperiode: Januar 2009-desember 2010  
Finansiering: Griegakademiet – institutt for musikk, Norges forskningsråd (Småforsk)  
Involverte forskarar: Cochavit Elefant, Simen K. Lagesen, Felicity Baker, Geir Olve Skeie  
Prosjektleiari: Cochavit Elefant

#### Making Music: Action, Embodiment, Health. Locating Music as Act and Activity in Contemporary Culture (post doctoral project)

Tidsperiode: Oktober 2010-oktober 2015  
Finansiering: Universitetet i Bergen  
Forskar/prosjektleiari: Jill Halstead

#### Musikkterapi som behandlingsmetode i en barnevernsinstitusjon (PhD-prosjekt)

Oppstart: August 2006 (kandidat på deltid, prosjektet vert fullført i 2011)  
Finansiering: Aleris Ungplan Region Vest (løn) / UiB (drift)  
Kandidat: Viggo Krüger  
Medrettleiar: Dagfinn Winje (Psykologisk Fakultet, UiB)  
Hovudrettleiar: Brynjulf Stige

---

## **Nettverket musikk og eldre: samarbeid om forskning og kunnskapsutvikling om musikk, musikkterapi og eldre**

Tidsperiode: September 2008-juli 2012  
Finansiering: GC Rieber Fondene  
Involverte forskarar: Solveig Hauge (UiO/HSF), Frode F. Jacobsen (HiB), Tone Sæther Kvamme (NMH), Audun Myskja (UiB), Hanne Mette Ridder (AaU) Brynjulf Stige (UiB)  
Prosjektleder: Brynjulf Stige

### **Porten inn, vegen ut. Rockens rolle i musikkterapi innan kriminalomsorga (PhD-prosjekt)**

Tidsperiode: Februar 2010-februar 2014  
Finansiering: Universitetet i Bergen  
Kandidat: Lars Tuastad  
Hovudrettleiar: Brynjulf Stige

### **Psykotiske pasienters erfaringer med musikkterapi (PhD-prosjekt)**

Oppstart: November 2009 (kandidat på deltid, planlagt fullført i 2015)  
Finansiering: Rådet for psykisk helse/Extrastiftelsen  
Kandidat: Hans Petter Solli  
Hovudrettleiar: Randi Rolvsjord

### **Resource-oriented Music Therapy for Psychiatric Patients with Low Therapy Motivation: Randomised Controlled Trial**

Tidsperiode: Januar 2008-februar 2011  
Finansiering: Norges forskningsråd (Program Psykisk helse)  
Involverte forskarar: Christian Gold, Denise Grocke, Tor Olav Heldal, Karin Mössler, Randi Rolvsjord, Lars Tjemsland, Trond Aarre, og ca. 40 andre  
Prosjektleder: Christian Gold

## **Forskningsprosjekt i samarbeid med andre fagmiljø**

### **Mellom taushet og støy: musikk, musikkterapi og det psykososiale miljø på sykehjem**

Tidsperiode: November 2008-juni 2011 (pilotprosjekt)  
Ansvarleg institusjon: Senter for omsorgsforskning Vest  
Finansiering: UH-nett Vest  
Involverte forskarar: Solveig Hauge, Frode F. Jacobsen, Brynjulf Stige  
Prosjektleder: Solveig Hauge

### **RCT on Improvisational Music Therapy for Depression**

Tidsperiode: januar 2008-juni 2010  
Ansvarleg institusjon: University of Jyväskylä  
Finansiering: EU (FP7, project "Brain Tuning") and Finnish Centre of Excellence  
Involverte forskarar: Jaakko Erkkilä, Jörg Fachner, Christian Gold, Marko Punkanen, Esa Ala-Ruona  
Prosjektleder: Jaakko Erkkilä

### **RCT on music therapy for stroke patients**

Tidsperiode: Januar 2009-desember 2010  
Ansvarleg institusjon: University of Jyväskylä  
Finansiering: EU (FP7, project "Brain Tuning") and Finnish Centre of Excellence  
Involverte forskarar: Jaakko Erkkilä, Jörg Fachner, Christian Gold, Marko Punkanen, Esa Ala-Ruona  
Prosjektleder: Esa Ala-Ruona



## Tidsskriftsdrift

Her følgjer nokre hovudtrekk i utviklinga av dei to GAMUT-tidsskrifta i 2010.

### Nordic Journal of Music Therapy (NJMT)

Tidsskriftet var etablert i 1992, med Brynjulf Stige som initiativtakar og første redaktør. Redaktør sidan 2006 er Christian Gold. NJMT kjem ut med to papirutgåver per år, ved sidan av ei fyldig heimeside med utvalde tekstar, bokmeldingar, debattar og diverse informasjon. NJMT er eit internasjonalt nivå-2-tidsskrift.

Samarbeid med Routledge (Taylor & Francis) vart etablert i 2008 og fungerer godt. Innføring av programmet Manuscript Central gjev profesjonell handtering av vurderingsprosessen frå innlevering og fram til publisering. Distribusjonen av tidsskriftet er også styrkt.

NJMT fekk i 2009 støtte frå Grieg Foundation til eit treårig prosjekt som skal sikre vidare utvikling av tidsskriftet til eit internasjonalt toppnivå. Dette vert vidareført og utvikla i 2011.

### Voices: A World Forum for Music Therapy

Dette verdensspennande Open Access tidsskriftet og elektroniske forumet vart etablert i 2001, med Brynjulf Stige og Carolyn Kenny som dei første redaktørane.

Desse to er framleis redaktørar, frå og med 2010 supplert av Cheryl Dileo. *Voices* er utvikla som eit inkluderande forum for publisering av artiklar, essay, intervju, rapportar og debattar. Ein hovudintensjon med tidsskriftet er å motverke den tendensen til europeisk og nordamerikansk dominans som ein finn innan dei fleste fagområde. Tidsskriftet har såleis eit spesielt fokus på å få fram tekstbidrag frå Afrika, Asia og Sør-Amerika.

I løpet av 2010 har tidsskriftet vore i ein dialog med fleire internasjonale fagmiljø som peikar på behovet for eit inkluderande Open Access tidsskrift med rom for kultursensitiv fagfellevurdering av forskingsartiklar. Dei systematiske fagfellevurderingsprosessane som vart innført for *Voices* i 2009 vil difor verte utvikla vidare, slik at tidsskriftet får ein tydelegare profil som forskningstidsskrift. Tidsskriftet vert difor styrkt med ein tredje medredaktør i tillegg til Kenny og Stige: Professor Cheryl Dileo frå Temple University, USA.

Ei løyving frå GC Rieber Fondene i 2008 gjer at drifta av *Voices* er sikra fram til juli 2012. Tidsskriftet har vore i dialog med BORA/UBB med tanke på vidare utvikling, m.a. av tekniske og økonomiske aspekt, utan at det heilt har gitt dei resultat vi hadde håpt på. For første gong, fekk *Voices* i 2010 litt økonomisk støtte frå Noregs forskningsråd, men denne støtta dekkjer på langt nær dei utgiftene vi har i drift av tidsskriftet (tildelingsbrevet kom i første halvdel 2011, slik at dette vil verte rekneskapsført for det året). Nye økonomiske modellar må difor på utviklast. Det er sannsynleg at tidsskriftet på byggjast opp som eit endå meir profilert internasjonalt peer-reviewed tidsskrift før ein kan makte å finne berekraftige modellar for finansiering. GAMUT vil difor søkje fornya prosjektfansiering for perioden 2012-2016.



Nordic Journal of Music Therapy er eit fagfellevurdert vitenskapleg tidsskrift på nivå 2 som kjem ut med to nummer i året.

NJMT publiseres i samarbeid med Routledge og er mellom anna indeksert i Social Sciences Citation Index®, PsycINFO, RILM og CINAHL

[www.tandf.co.uk/journals/rnjm](http://www.tandf.co.uk/journals/rnjm)

**Voices**  
A WORLD FORUM FOR MUSIC THERAPY

*Voices* er eit internasjonalt forum for musikkterapi med eit fagfellevurdert tidsskrift på nivå 1.

*Voices* publiseres som Open Access og er åpent tilgjengeleg frå:

[www.voices.no](http://www.voices.no)

## Publisering og andre formidlingsoppgåver

### Artikkelpublisering

Forskarar frå GAMUT er førsteforfattarar på 1 artikkel i internasjonale tidsskrift med fagfellevurdering, 2 artiklar i nasjonale tidsskrift med fagfellevurdering og 6 artiklar i andre tidsskrift. Dette er mindre enn tidlegare år. Årsakene til dette vert gjort greie for i innleiande kommentar til Vedlegg 4. Vi reknar med at situasjonen vil normalisere seg igjen i 2011.

### Bokkapittel og bøker

I 2010 publiserte fagmiljøet 1 bokkapittel og 2 internasjonalt orienterte bøker. Bøkene var *Resource-Oriented Music Therapy in Mental Health Care* (Barcelona Publishers) av Randi Rolvsjord og *Where Music Helps. Community Music Therapy in Action* (Ashgate) av Stige, Ansdell, Elefant og Pavlicevic.

### Annan publisering

Forskarar frå GAMUT publiserte i 2010 2 leiarartiklar og 3 bokmeldingar, sjå vedlegg 4. Vidare er Jill Halstead aktiv som Series Editor i bokserien *Icons of Pop Music*.

### Foredrag på internasjonale og nasjonale konferansar

Forskarar frå GAMUT hadde i 2010 15 foredrag på internasjonale konferansar og 11 foredrag på nasjonale konferansar, sjå vedlegg 4.

### Føredrag og kurs

I tillegg til bidrag på internasjonale og nasjonale konferansar, har dei fagtilsette i GAMUT i 2010 gjennomført ei lang rekkje foredrag og kursopplegg i ulike samanhengar, sjå Vedlegg 4.

### Film

Dokumentarfilmen "Lyden av liv" om musikk og musikkterapi i eldreomsorga vart produsert i 2009, med finansiert av GC Rieber Fondene. Filmen er

produsert av Think Vivid Media på oppdrag frå GAMUT. Filmen har vorte distribuert i 2010. responsen har vore enorm, der vi på førespurnad har sendt ut ca. 1000 eksemplar til sjukeheimar, kommunar, eldreråd og andre organisasjonar.

### Samarbeid om seminararrangering

Nedanfor følgjer ein oversikt over seminar som forskingssenteret har arrangert eller vore med på å arrangere i 2010. Som tidlegare har det vore mogeleg å leggje seg på ei aktiv linje når det gjeld arrangering av opne fagseminar, av di desse seminara byggjer på dei nettverka som både undervisnings-, forskings- og formidlingsaktiviteten genererer.

- 5. februar: Ressursorientert musikkterapi i psykisk helsevern – fagleg pedagogisk dag 2010. Førelesarar: Christian Gold, Randi Rolvsjord, Karin Mössler og Laila Asperheim (GAMUT), Denise Grocke & Jason Kenner (Melbourne), Katharina Fuchs (Linz).
- 18. februar: Carolyn Kenny, Antioch University, USA. Foredrag og workshop om kreative prosessar i musikkterapien.
- 10. mars: Ope seminar i "Nettverket musikk og eldre: samarbeid for forskning og kunnskapsutvikling om musikk, musikkterapi og eldre". Arrangert i samarbeid med Sogn og Fjordane fylkessenter for musikkterapi, Førde. Førelesarar, m.a.: Solveig Hauge, Hanne Mette Ridder og Brynjulf Stige.
- 25. november: "Syng kun i din ungdoms vår" Kurs i musikkaktivitetar for pleiepersonell, arrangert i samarbeid med Bergen Røde Kors Sykehjem. Kurshaldar: Solgunn Knardal.
- 29.- 30. november: Konferansen "Musikkens virkning" i regi av Holbergdagene, med Brynjulf Stige som medlem i programkomiteen.
- 1.- 3. desember: Nasjonalt forskarutdanningskurs "Musikkens virkning – musikkens mening", med Brynjulf Stige som initiativtakar. Seminaret markerte opninga av Grieg Research School in Interdisciplinary Music Studies.

Slike opne fagseminar er viktige for utvikling av tverrfaglege dialogar og for musikkterapien si nettverksbygging. Det vil difor vere naturleg å vidareføre denne type aktivitet også i 2011.

## DEL 4: PRIORITERTE SATSINGAR OG VIDARE UTVIKLING

### Rammer for utvikling

Sidan GAMUT vart etablert i 2006 har utviklinga vore jamt positiv. 2010 var slett ikkje noko unntak i så måte. Drift og inntening har fungert etter målsetjingane og oppstart av det femårige integrerte masterprogrammet i musikkterapi og av den regionale forskarskulen i musikk skapar nye og betre vilkår for vidare fagleg utvikling.

Vi vel også i år å kome tilbake til dei tre utviklingsalternativa og mogelege ambisjonsnivå som tidlegare er skisserte for musikkterapi miljøet i Bergen:

- *Nivå 1:* Regionalt nivå. Ambisjon om å utvikle det nest beste miljøet i Noreg når det gjeld musikkterapi. Forsking vil i hovudsak omfatte det som det er mogeleg å realisere innan forskingsdelen av UiB-stillingane, med minimal eksternt finansiert aktivitet gjennom Uni Research. Dette nivået skapar eit svært svakt grunnlag for vidare drift av GAMUT.
- *Nivå 2:* Nasjonalt og nordisk nivå. UiB og Uni Research kan ha ambisjonar om å utvikle musikkterapi til eit profilert miljø i nordisk samanheng. Vidare drift av GAMUT er mogeleg og forskingssenteret kan utviklast i samspel med dei faste UiB-stillingane.
- *Nivå 3:* Internasjonalt nivå. UiB og Uni Research kan ha ambisjonar om å utvikle musikkterapi til eit internasjonalt profilert fagmiljø. Ei styrking og utvikling av GAMUT vil vere mogeleg, m.a. med ei sterkare satsing på internasjonale forskingsnettverk.

Dei første åra etter etableringa av miljøet i Bergen i 2006, var problemstillinga om det ville vere mogeleg å utvikle miljøet frå nivå 1 til 2. Dei to nemnde nyetableringane i 2010 bidrar til konsolidering av miljøet på nivå 2. Spørsmålet dei næraste åra vert difor om det er mogeleg å nå nivå 3. I årsmeldinga for 2009 skreiv vi følgjande:

Dei resultatane som er oppnådde så langt indikerer at der er gode vilkår for utvikling av eit internasjonalt orientert forskingssenter i musikkterapi i Bergen. På noko lengre sikt bør fagmiljøet difor gå i dialog med UiB og Uni om realiteten i å nå nivå (GAMUTs årsmelding 2009, s. 11).

Eit bidrag frå fagmiljøet i retning nivå 3 vil vere å utarbeide ein SFF-søknad i 2011. Ei eventuell tildeling etter dette programmet vil sikre finansiering av noverande aktivitet, bidra til styrking av fleire felt som treng dette og dessutan vidare utvikling av tverrfaglege og internasjonale samarbeidsrelasjonar. Ikkje minst vil ei slik løyving sikre ressursar til

doktorgradskandidatar og postdoktorar. I eit nytt universitetsfag, er mangel på ressursar til slike kvalifiseringsstillingar ei vesentleg hindring for utvikling til eit robust internasjonalt nivå.

### Tematiske satsingsområde

Kva som er dei prioriterte satsingsområde for GAMUT er avhengig av a) behovet for forskning innan universitetsfaget musikkterapi, b) kompetanse og forskningsinteresse i faggruppa og aktuelle nettverk, og c) samfunnsbehov og tilgjengeleg finansiering. Følgjande tematiske satsingsområde har utkrystallisert seg:

#### *Musikkterapi og psykisk helsearbeid*

Christian Gold og Randi Rolvsjord er dei to seniorforskarane på dette feltet og arbeider dels i samarbeid, dels med kvar sine prosjekt.

Christian Gold er ansvarleg for ulike prosjekt med kvantitativ orientering, for tida med to ulike randomiserte, kontrollerte studiar, ein innan psykisk helse og ein innan kriminalomsorga. Gold har etablert eit nasjonalt og internasjonalt samarbeid rundt desse prosjekta og har m.a. knytt til seg ein postdoktor, ein statistikar, ein forskar III og ein forskingsassistent.

Randi Rolvsjord vidareutviklar tidlegare kvalitativ forskning på ressursorientert musikkterapi innan psykiske helsearbeid og det er ei målsetjing at ein får knytt nye stipendiatar til kvalitativ utforsking av dette fagområdet. I november 2009 vart Hans Petter Solli tilsett som eksternt finansiert doktorgradskandidat på feltet, med Rolvsjord som rettleiar.

#### *Musikkterapi i eldreomsorg*

Brynjulf Stige er prosjektleiar for prosjektet "Nettverket musikk og eldre" (2008-2012). Prosjektet involverer forskarar frå ei lang rekkje institusjonar i Danmark og Noreg og har den doble målsetjinga om å stimulere til ny og betre praksis og ny og betre forskning på feltet. Nettverket tar mål av seg å initiere og samordne aktivitet i dei næraste åra. Førebels er Audun Myskja knytt til feltet som eksternt finansiert doktorgradskandidat, med Stige som hovudrettleiar. Ein tar sikte på å knyte nye doktorgradskandidatar til feltet i åra framover. Pilotprosjektet "Effekten av individuell musikkterapi på livskvalitet, agitert åtferd og medisinerings hos personar med demens" vart starta opp i 2010, i samarbeid med Hanne Mette Ridder ved Aalborg Universitet.

#### *Musikkterapi i medisinsk rehabilitering*

I samarbeid med fagpersonar ved Haukeland universitetssykehus byggjer Cochavit Elefant opp pilotprosjekt i høve til musikkterapi som medisinsk rehabilitering, t.d. i høve til Parkinson- og

afasipasientar, m.a. med finansiering gjennom NFRs Småforsk-program.

#### *Samfunnsmusikkterapi*

